

Namn og adresse
til avsendaren

Jens Storekrak
Moltemyrvegen 12
9999 VIDALEN

13. mai 2020

Dato til høgre på
same linje som
postnummer og
poststad

Namn og adresse
til mottakaren

Vest-Aurdal kykjelege fellestråd
Gråbeinvegen 101
9999 VIDALEN

Ekstra linjeskift kan vere bra. Mottakaren si
adresse kan du plassere slik at ho passar når
du brettar arket i ein vindaugskonvolutt.

Søknad om sommarjobb

Overskrift med feit skrift. Det skal ikkje vere punktum etter overskrifta.

Vis til annonsen.
Skriv gjerne noko
om motivasjon.

Eg viser til annonsen på www.vidalen.no 2. mai 2013 og søker med stor interesse
søknad som gaid i Vidalen stavkyrkje.

Skolegang og evt.
arbeidslivserfaring

Frå 2016 til 2018 budde eg saman med familien min i London. Eg gjekk på internasjonal skole
der engelsk var førstespråket. Kompletterande undervisning i norsk, samfunnsfag og RLE fekk
eg gjennom Globalskolen. Eg er no 15 år og går i 10. klasse på Vidalen barne- og
ungdomsskole.

Moment som gjer
at søkeren passar
til stillinga

I april leverte eg ei større oppgåve om Vidalen stavkyrkje der temaet var middelalderkunst i
kyrkja vår.

Sommaren 2019 arbeidde eg som vikarorganist i stavkyrkja og hadde mellom anna fem
konsertar for turistgrupper som besøkte dalen vår.

Eigenskapar,
kvalifikasjonar m.m.

Dei to siste åra har eg vore medlem av Vidalen ungdomslag, og hausten 2019 hadde eg
skodespelarrolle i Vidalsspelet.

Eg ser på meg sjølv som ein open ungdom som har gode samarbeidsferdigheiter. Det er like
naturleg for meg å bruke engelsk som norsk. Eg blir gjerne ein av dei faste gaidane i åra som
kjem.

Referanse

Leiar i Vidalen ungdomslag, Gunn Vidalsseter, mobil 99 99 99 97, kan gje nærare
opplysningar om meg.

Meir
kontaktinformasjon

Treng de meir informasjon, kan de kontakte meg på e-post jens.storekrak@vidalen.no eller
mobil 99 99 89 99..

Med vennleg helsing

Jens Storekrak

Jens Storekrak

6 vedlegg

Tal på vedlegg du sender med søknaden

Skriv namnet ditt
med handskrift.

Ekstra linjeskift

Bruk same skrifttype og skriftstorleik i heile søknaden. Her har vi nytta Calibri 11. Times New Roman 12 er eit godt
alternativ. Du kan bruke standard marginstillingar og linjeavstand i tekstbehandlingsprogrammet ditt. Søknaden bør
ikkje vere på meir enn éi side.